

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 06.01.2023
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden, Vidar Vie
SAKA GJELD: **Risikostyring 2023**
ARKIVSAK: 2023/191

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
26.01.2023

STYRESAK:
005/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om risikostyring 2023 til vitende og ber administrerende direktør rapportere status etter første tertial.

Oppsummering

Helse Førde arbeider vidare med dei fem risikoområda som er peika ut av Helse Vest, og har i tillegg valt ut intern samhandling, rekruttering og økonomi som sentrale område. Første rapportering vert etter første tertial.

Fakta

Alle føretaka vest skal arbeide med dei fem risikoane som Helse Vest har valt ut. Desse er:

- legemiddelområdet
- vald og trugslar mot medarbeidarar
- IKT og informasjonssikkerheit
- ekstern turnover
- uønskt variasjon – radiologi og ortopedi

Helse Førde etablerte, for vel to år sidan, lokale grupper som byrja arbeidet med å hente inn og analysere fakta og vurdere risikoar for desse områda. Gruppene har tertialvis rapportert status til administrerande direktør og styret i Helse Førde. Regionalt er det aktivitetar innanfor alle områda og representantar frå Helse Førde deltek i arbeidet.

Administrerande direktør har saman med føretaksleiinga i Helse Førde diskutert om det også er andre område som bør løftast opp som sentrale risikoområde i føretaket. Desse er valde ut:

- intern samhandling
- rekruttering
- økonomi

Intern samhandling er mellom anna valt for å sikre gjennomgåande pasientforløp, fungerande kontaktlegeordning og god samhandling mellom somatikk og psykiatri. Erfaringa er at Helse Førde har forbettringspotensiale på desse områda.

Rekruttering og økonomi var også valde i 2022. Det er utfordringar med å rekruttere personell innanfor fleire fagfelt, noko klinikkane også har peika på i sine gjennomgangar av drifta gjennom heile 2022. I risikoarbeidet vil rekruttering og ekstern turnover bli sett i samheng i 2023.

Dei økonomiske utsiktene var utfordrande ved inngangen til fjoråret, og føretaket nådde ikkje budsjettmålet i 2022. Store investeringar er sette på vent, og økonomisk langtidspan viser at det er utfordringar i åra som kjem.

Regionalt er det også etablert prinsipp og nye retningslinjer for risikostyring. Det er følgt opp med eit e-læringskurs innan risikostyring, og det blir arbeidd med å få på plass eit elektronisk verktøy for risikostyring. Det aktuelle verktøyet er Synergi, som også blir nytta på fleire andre

felt, til dømes avvikshandtering. E-læringskurset innan risikostyring er tilgjengeleg i Læringsportalen for alle tilsette, og gjort obligatorisk for alle leiarar.

Kommentarar

Administrerande direktør legg opp til å rapportere på status for dei valde risikoområda etter første tertial 2023. Det betyr at rapporteringa vert lagt fram på styremøte i mai eller i juni.

Det er leiinga sitt ansvar å drive kontinuerleg risikostyring. Sjølv om dei regionalt utpeika områda også er viktige i Helse Førde, så kan det enkelte helseføretaket ha andre område med stor risiko. Det er grunnen til at leiinga har peika på intern samhandling, rekruttering og økonomi som særskilde risikoar for Helse Førde.

Fagdirektør, økonomidirektør og HR-direktør arbeider no med å konkretisere styringsmål og finne dei beste tiltaka for dei områda som administrerande direktør har valt ut. Det er naturleg at dette er tett knytt til prosessane rundt utviklingsplan, økonomisk langtidsplan, budsjett og rekrutteringsstrategi.

Risikostyring skjer på mange nivå og med ulike metodar i føretaket. Arbeidet med å få på plass eit elektronisk verktøy som gjer det mogeleg å få fram heile risikobiletet i føretaket har teke lang tid, men er venta å vere på plass i løpet av 2023. Det er i dag utfordrande å få fullgod oversikt når det gjeld det samla risikobiletet. Dersom det nye verktøyet fungerer som det skal, vil det bli enklare. Dei nye prinsippa og retningslinjene for risikostyring er dels implementerte i Helse Førde gjennom 2022.

Konklusjon

Det blir arbeidd godt med dei fem risikoområda som Helse Vest har peika ut. Utfordringar knytt til intern samhandling, rekruttering og økonomiske utsikter framover, gjer det nødvendig å ha fokus på desse områda også. Første rapportering til styret blir etter første tertial 2023.